



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Vår dato
21.12.2018
Dykkar dato
07.11.2018

Vår referanse
2015/1078 421.4
Dykkar referanse
14/7379

Lindås kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Uttale til offentleg ettersyn av reguleringsplan for utbetring av FV 57 samt gang og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad.

Vi viser til brev frå kommunen datert 07.12.2018. Saka gjeld offentleg ettersyn av reguleringsplan for Fv. 57 med gang og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad, planid. 1263-201407. Fylkesmannen har fått utsett frist for uttale til 04.01.2019.

Fylkesmannen si vurdering

Reguleringsplanen er godt gjennomarbeida med oversiktlege dokument, som gjer det lett å setje seg inn i planen og aktuelle problemstillingar.

Fylkesmannen ser at det ligg gode vurderingar og gode intensjonar i planarbeidet. Vi er likevel uroa over at problemstillingar knyt til naturmangfald og vassdrag i stor utstrekning skal sikrast i YM-plan. Vi meiner at avbøtande tiltak for tema som kjem i gult og rødt i ROS-analysen så langt som mogleg må sikrast igjennom føreseggnene i reguleringsplanen.

I planskildringa (s. 43) står det at det skal etablerast eit nytt røyr/kulvert slik at fisk kan vandre mellom sjø og vatn. Fylkesmannen er positiv til dette. Fylkesmannen er òg positiv til at vi har fått høve til å gje råd under vegs i prosessen. Men vi kan ikkje sjå at dette er sikra i føreseggnene. Når reguleringsplanen ikkje fangar opp og sikrar dei omsyna som ligg direkte nedfelt i lov, jf. Lov om lakse- og innlandsfisk §§ 1 og 7, må tiltaka som skal gjennomførast ha særskilt løyve frå Fylkesmannen i etterkant, før dei kan gjennomførast. Jf. her òg *Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag*, §§ 1a og 2, samt *Forskrift om rammer for vannforvaltningen* (Vassforskrifta).

Vi rår difor sterkt til at problemstillingane knytt til vassdrag og naturmangfald vert handtert utfyllande i reguleringsplanen. Ut over dette er Fylkesmannen open for- og ønskjer å bli kopla inn i arbeidet med YM-planen.

Fylkesmannen si vurdering er også at områder til midlertidig rigg og anlegg bør trekkast vekk ifrå Rossnesvågen.

Med helsing

Egil Hauge
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:

Statens Vegvesen, Region Vest Postboks 43 6861 LEIKANGER
Hordaland fylkeskommune Postboks 7900 5020 Bergen